



Villanger & Sønner AS
Rune Kristoffersen
Kvassnesveien 45
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7216 - 14/27767

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
12.12.2014

Ferdigattest - bustad på gbnr 134/418 Hilland.

Administrativt vedtak. Saknr: 402/14

Tiltakshavar: Morten Andre Torvund
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Saka gjeld

Bustaden på gbnr 134/418 har vore i bruk sidan 2003. Det ligg ikkje føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Dette vert no retta ved at det er søkt om ferdigattest for tiltaket.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 24.05.2002. Det vert elles vist til søknad mottatt 20.11.2014.

Ferdigattesten er ikkje ei stadfesting på bygget sin tekniske kvalitet, men ei stadfesting på bygningsstyresmaktene si avslutning av saka.

Skildring

Adresse:	Vardane 135
Bygningstiltak:	Bustad
Bygningsnummer:	192 39 691
Bruksareal:	202 m2
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad på gbnr 134/418.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7216.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Morten Andre Torvund
Teknisk drift

Vardane 135 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS

Kvassnesveien 45 5914

ISDALSTØ